



**A.S.**  
**FISKEVEGN**

# ÅRSRAPPORT 2023 - ÅPENHETSLOVA

09.06.2023

## 1. GENERELL BESKRIVING

AS Fiskevegn er ein global aktør i produksjon og sal av line og fiskereiskap til profesjonelt fiskeri, samt detaljhandel via butikkutsal i Ålesund.

Selskapet er lokalisert på Flatraket i Stad kommune og har salskontor og butikkutsal i Ålesund.

Det er totalt ca 40 medarbeidarar i selskapet.

AS Fiskevegn er organisert i Næringslivets Hovedorganisasjon gjennom bransjeforeninga Norsk Industri. Selskapet har inngått tariffavtale med Fagforbundet under TEKO-overenskomsten.

Selskapets bærekraftsstrategi er implementert i strategidokument.

Selskapet har utarbeida interne retningslinjer og styrande dokument for å sikre etterleving av Lov om virksomheters åpenhet med grunnleggjende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold (Åpenhetsloven). Retningslinjene beskriv prosess for aktsomhetsvurderingar, forebygging, avvikshandtering, varsling og rapportering av forhold etter lova.

AS Fiskevegn har forankra implementering og etterleving av Åpenhetsloven i styret. Dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide og vedlikehalde arbeidsprosessane, samt sikre etterlevelse og iverksetje eventuelle tiltak.

Selskapet har etablert prosess for aktsomhetsvurderingar og risikokartlegging.

Aktsomhetsvurderingane vert gjennomført etter eiga sjekkliste basert på ulike risikofaktorar, slik som;

- leverandørens lokasjon,
- bransje
- produktspekter

Aktsomhetsvurderingane legg grunnlaget for risikokartlegging av leverandørar og forretningspartnerar.

Risikokartleggingane har som føremål å avdekke faktiske negative konsekvensar eller vesentleg risiko for negative konsekvensar for å ivareta grunnleggjande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold. Våre fokuspunkt er

- Tvangsarbeid – våre leverandørar og forretningspartnerar nyttar seg ikkje av tvangsarbeid
- Barnearbeid – våre leverandørar og forretningspartnerar nyttar seg ikkje av barnearbeid
- Tilsette – våre leverandørar og forretningspartnerar har eit regulert og ordna forhold til sine tilsette.
- Diskriminering og trakassering – diskriminering og trakassering på arbeidsplassen er uakseptabelt
- Organisasjonsfridom – våre leverandørar og forretningspartnerar tillet organisasjonsfridom blant sine tilsette.
- Løn – skal vere anstendig i det landet dei opererar
- Arbeidstid – skal vere etter nasjonal lovgjeving for arbeidstid
- HMS – våre leverandørar og forretningspartnerar jobbar for å minimere den negative påverknaden dei har på Helse, Miljø og Sikkerhet for tilsette.
- Korrupsjon – alle former for korrupsjon er uakseptabelt i vår leverandørkjede

Selskapet arbeider løpande med aktsomhetsvurderingar og risikokartlegging av leverandørar og forretningspartnerar.

## 2. AKTSOMHETSVALDERINGAR

Selskapet har ikkje avdekket faktiske negative konsekvensar eller vesentleg risiko for negative konsekvensar gjennom våre aktsomhetsvurderingar.

## 3. PLAN FOR OPPFØLGING OG FØREBYGGING

Selskapet vil vidare halde fram arbeidet med å gjennomføre aktsomhetsvurderingar og risikovurderingar i vår leverandørkjede. Lovkravet og retningslinjene er nyleg innført og rapporten er første rapportering på området. Vi vil evaluere og ta ut læring i arbeidet for å kunne identifisere forbetringar i våre arbeidsprosessar på dette fagområdet etter kvart som vi arbeider med prosessen.

Selskapet er ikkje kjende med at det føreligg faktiske negative konsekvensar eller vesentleg risiko for negative konsekvensar for brot på lovverket i vår leverandørkjede. Vi forventar ikkje å gjere funn i leverandørkjeda, men om det skulle oppstå vil vi handtere dette i henhold til våre styrande dokument.

Flatraket 9. juni 2023

A handwritten signature in blue ink that reads "Magne Fure".

Magne Fure  
Dagleg Leiar